

# VINDAFJORD KOMMUNE

## Innkalling FORMANNSKAPET

**Møtedato:** 13.10.2020  
**Møtestad:** Vindafjord rådhus  
**Møtetid:** Kl. 14.00

Medlemmene vert med dette kalla inn til møtet. Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må meldt frå i møteportalen så snart råd er, slik at varamedlem kan verta innkalla. **Varamedlem skal berre møta dersom han/ho får særskilt melding**

Gruppemøta er opne for alle medlemmer og vert haldne slik:  
BBL på Bjoa skule onsdag 7.okt kl. 1900.  
Ap, Krf, MDG og Sp på rådhuset torsdag 8.okt kl. 1800.  
H, Frp og SV på rådhuset torsdag 8.okt kl. 1900.

**Vindafjord kommune**  
5. oktober 2020

for  
Ole Johan Vierdal  
Ordførar

---

Gunnbjørg Nesbu

## Sakliste

Sak nr.	Saktittel	Gradering
058/20	Godkjenning av møteprotokoll	
059/20	Referatsaker	
060/20	Orienteringssaker	
061/20	Grunngitte spørsmål og interpellasjonar	
062/20	Rådet for eldre og funksjonshemma - Revidering av navn og reglement	
063/20	Oppdatert tidsplan - høyringsprosess Barnehage og Skulebruksplan	
064/20	Dagsturhytta i Vindafjord kommune	
065/20	Lønsoppgjeret 2020 - Uravstemming	
066/20	Politiske fjernmøte - Arrangering	
067/20	Politiske møte - Overføring på nett	
068/20	Politiske møte - Møteplan for 2021	
069/20	Behandling av kommunalt næringsfond	
070/20	Finansielle måltal for Vindafjord kommune	
071/20	Økonomireglement for Vindafjord kommune	
072/20	2. tertialrapport 2020	

# VINDAFJORD KOMMUNE

## SAKSPAPIR

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
058/20	Formannskapet	13.10.2020

Saksbehandlar: Gunnbjørg Nesbu

Sak - journalpost: 20/2306 - 2020016313

---

### Godkjenning av møteprotokoll

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Møteprotokollen frå forrige møte vert godkjent som han ligg føre.

# VINDAFJORD KOMMUNE

## SAKSPAPIR

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
059/20	Formannskapet	13.10.2020

Saksbehandlar: Gunnbjørg Nesbu  
Sak - journalpost: 20/2306 - 2020016314

---

### Referatsaker

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Skriva og meldingane vert tekne til orientering.

#### Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
030/20	Endeleg avgjerd - områderegulering Ølensvåg, Vindafjord
031/20	Brev Bokn Røde Kors - Prosjekt Triton
032/20	Innspel frå Haugaland Vekst til ny nærings- og innovasjonstrategi for Rogaland 2021
033/20	Høyring - forslag til endringar i forvaltningslov m.m. - større adgang til informasjonsdeling
034/20	Høyring - Forslag til midlertidig endring i valgforskriften - adgang til elektroniske underskrifter på listeforslag

# VINDAFJORD KOMMUNE

## SAKSPAPIR

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
060/20	Formannskapet	13.10.2020

Saksbehandlar: Gunnbjørg Nesbu  
Sak - journalpost: 20/2306 - 2020016315

---

### Orienteringssaker

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak**  
Orienteringssakene vert tekne til etterretning.

Saker:  
1) Orientering om plansaker  
2) Vakre Vindafjord

**VINDAFJORD KOMMUNE**  
**SAKSPAPIR**

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
061/20	Formannskapet	13.10.2020

Saksbehandlar: Gunnbjørg Nesbu  
Sak - journalpost: 20/2306 - 2020016316

---

**Grunngitte spørsmål og interpellasjonar**

# VINDAFJORD KOMMUNE

## SAKSPAPIR

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
027/20	Rådet for eldre og funksjonshemma	12.10.2020
062/20	Formannskapet	13.10.2020
	Kommunestyret	

Saksbehandlar: Gunnbjørg Nesbu  
Sak - journalpost: 20/2276 - 2020016096

---

### Rådet for eldre og funksjonshemma - Revidering av navn og reglement

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtar å endre namn frå Rådet for eldre og funksjonshemma byter navn til Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting
2. Kommunestyret vedtar Reglement for Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting slik det framgår av vedlegg til saka

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Lovverk og veiledarar nyttar navnet Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting. Revisjon av reglementet for rådet for eldre og funksjonsehemma etter ny kommunelov.

### Saks- og faktaopplysningar

Lovverk og veiledarar nyttar navnet Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting. Kommunedirektøren ynskjer å byte namn for å ha tittel på rådet meir lik ordlyden myndigkeitene brukar.  
Revisjon av reglement etter nye kommunelov.

### Vurdering

Funksjonshemming er eit omstridt begrep og den offentlege myndigheita brukar uttykket «nedsatt funksjonsevne» for å ivaretaka likeverd og likestilling i språkbruken. Kommunedirektøren ynskjer å følgje lik tilnærming.

Etter ny kommunelov i 2019 og forskrift om medvirkningsordning har gjeldande reglement blitt gjennomgått og utkast til nytt reglement er vedlagt.

Kommunedirektøren ser det som tenleg at dei to råda som kommunen skal ha har mest mogleg like rammer. Difor er utkast til reglementet laga i same form som reglement for

Vindafjord ungdomsråd.

**Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.**

Kommunelova, Forskrift om medvirkningsordning

**Vedlegg:**

Utgåande Reglement for rådet for eldre og funksjonshemma

Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting - utkast til reglement (okt 2020)

# VINDAFJORD KOMMUNE

## SAKSPAPIR

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
063/20	Formannskapet	13.10.2020

Saksbehandlar: Yngve Folven Bergesen  
Sak - journalpost: 19/5167 - 2020016095

---

### Oppdatert tidsplan - høyringsprosess Barnehage og Skulebruksplan

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tar Kommunedirektøren sin oppdaterte tidsplan for prosessen med Barnehage- og Skulebruksplan til orientering.

## Saksutgreiing

### Samandrag

Kommunedirektøren orienterer om oppdatert tidsplan knytt til høyringsprosessen for Barnehage- og Skulebruksplan, der det vert lagt opp til tre folkemøter i Vikedal, Ølen og Skjold.

### Bakgrunn for saka

Administrasjonen i Vindafjord Kommune la 1. september 2020 ut Norconsult sin rapport i samband med arbeidet med Barnehage og Skulebruksplan i Vindafjord Kommune ut på høyring med ein frist for høyringsinnspel på seks veker. Vidare vart det lagt opp til «kontordagar» i dei ni bygdene i veke 40, der ein kunne møte for å stille avklarande spørsmål til administrasjonen og Norconsult.

Formannskapet gjorde i sitt møte 8. september 2020 følgjande vedtak:

*Det vert sett av meir tid til informasjon og dialog i bygdene om barnehage- og skulebruksplanen. Det er viktig at alle aktuelle høyringsinstansar vert engasjert og har eit grunnlag for å gje uttale. Haust og førjulswinter 2020 vert brukt til dette.*

*Rådmannen vert bedt om å revidere framdriftsplanen med sikte på ei breiare involvering frå innbyggjarane, og for å danna ei betre plattform til å fatta eit politisk vedtak. [Kommunedirektøren] orienterer om framdriftsplanen på neste møte i formannskapet.*

Med bakgrunn i dette vedtaket er framdriftsplanen revidert, og det vert lagt opp til ulike prosesser internt i organisasjonen og eksternt mot innbyggjarane i kommunen.

## **Vurdering**

### **Vurdering**

Kommunedirektøren oppfattar formannskapet sitt vedtak som eit sterkt ønske om at det vert gjennomført ein form for opne folkemøter i kommunen. I prosessen har det og vore vurdert å gjennomføre møter mellom administrasjonen og Grendautvala i dei ni bygdene, som alternativ til opne folkemøter. Kommunedirektøren vurderar at nytteverdien av eit slikt møte isolert sett ville vore større enn gjennom opne folkemøter, men finn og at gjennom organisering av folkemøter vil ein kunne oppnå mykje av den same verdien.

Det vert no lagt opp til å gjennomføre tre folkemøter i månadsskiftet november/desember, eitt i kvart «strok» i kommunen. For å ivareta smittevernkrav vert det lagt opp til påmelding til møtene i forkant, og det vert vidare sett maksimaltak på deltakarar på dei ulike møtene, avhengig av storleiken på møtelokala. Ved større påmelding enn smittevernkrava opnar for, vil ein prøve å sikre at folk frå alle bygdene i «stroka» er tilstades. Det vil og bli sett på løysingar for å formidle det som skjer på møtet ut via «kommunetv» til dei som ikkje får høve til å delta fysisk.

Folkemøta er tenkte gjennomført i Vikedal (idrettshallen), Skjold (Skjold Arena) og Ølen (Ølen Kulturhus), då dette er lokala som tillet flest deltakarar innanfor smittevernkrava. For å sikre god gjennomføringa av folkemøta vil ein leige inn ekstern møteleiar, og målet med møta er å gi ei god demokratisk forankring av den vidare prosessen.

Når det gjeld sjølve gjennomføringa av møtene, så er desse tenkt gjennomført med ei innleiing frå administrasjonen og frå FAU i kvar av dei tre bygdene i stroket. Vidare vert det vurdert å nytte «cafedialog/gruppearbeid som arbeidsform, med oppsummering i plenum. Kommunedirektøren er av den oppfatning at ein gjennom grupperabeid der ein tar utgangspunkt i 6 spørsmåla Norconsult sjølv har sett opp i sitt arbeid med rapporten vil kunne få gode diskusjonar å ta med til den vidare høyringsprosessen.

Samstundes er det slik at smittevernkrav og utforminga av lokala kan sette berensingar på gjennomføringa av slikt gruppearbeid, og om dette inneber at taket på talet på deltakarar blir for lågt vurderar ein å gjennomføre som ei felles plenumssamling. Nærare vurdering av dette vil bli gjort når ein får oversikt over talet på påmeldde til møtene, og får gjort naudsynte vurderingar av korleis lokala kan utformast på best mogeleg måte med tanke på smittevern.

I tillegg vurderar administrasjonen fortsatt gjennomføring av kontordagar saman med Norconsult. Slike dagar vert gjennomført i samband med Tysvær Kommune si handsaming av tilsvarande rapport, Vi ønskjer å ta med erfaringane både Norconsult og Tysvær Kommune gjer i vår vurdering av gjennomføring av slike kontordagar. Det vert og vurdert andre informasjonskanalar for å nå ut til innbyggjarane i kommunen, eksempelvis gjennom innspeiling av ein Podcast eller liknande.

I tillegg til dei tre folkemøta legg administrasjonen opp til å møte elevråda på alle dei ni skulane i kommunen i løpet av hausten for å få innspel frå elevane.

Vidare er det viktig å påpeike at det er høyringsinnspeila som kjem inn gjennom høyringsprosessen som vert tatt med i den vidare sakhandsaminga, og det er viktig at mellom anna FAU og Grendautval gjennomfører gode prosessar i samband med sine høyringsuttalar. Vi er og kjent med at Norconsult har utarbeidd eit tilbakemeldingsskjema som vert nytta for ein tilsvarande prosess i Tysvær Kommune, og vi kjem truleg til å nytte noko tilsvarande.

## **Kommunedirektøren sin konklusjon**

## **Tilråding til prosess og tidsplan**

### *Intern prosess*

- Innspel til Rådmann «gjennom linja» innan medio november
- Tema på leiarforum 22. oktober

### *Ekstern prosess*

- Folkemøter i dei tre stroka i månadsskiftet November/Desember 2020 - (veke 49/50)
  - Påmelding i forkant
  - Tidsrom: 18.30-21.00
- Administrasjonen besøker elevråda på dei ni skulane i løpet av november 2020.
- Mogelege kontordagar saman med Norconsult i slutten av November
- Frist for høyringsinnspele - 31. desember 2020
- Saksframlegg - fullført medio mars 2021
- Politisk handsaming - mai 2021
  - Råd for Eldre og Funksjonshemma
  - Ungdomsråd
  - DUK og OPOM
  - Formannskap
  - Kommunestyre

# VINDAFJORD KOMMUNE

## SAKSPAPIR

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
034/20	Utval for drift, utvikling og kultur	12.10.2020
064/20	Formannskapet	13.10.2020

Saksbehandlar: Berit Hetland  
Sak - journalpost: 20/2287 - 2020016209

---

### Dagsturhytta i Vindafjord kommune

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Vindafjord kommune deltar i Dagsturhytteprosjektet til Rogaland fylkeskommune.
2. Eigenandel kr 217 000.- vert lagt inn i budsjett økonomiplan 2021 – 2024
3. I tråd med føringane i prosjektet vil det koma ny sak om plassering av Dagsturhytta inkludert opparbeiding, drift og toalettfasilitetar.

## Saksutgreiing

### Samandrag

Alle kommunane i Rogaland har fått invitasjon om å bli med i Dagsturhytteprosjektet. Prosjekt har god økonomisk støtte frå Sparebankstiftelsen SR-Bank og spelemidelordninga. Dagsturhytta har ei kostnadsramme på kr 1 000 000.- og vil bli fullfinansiert om Vindafjord kommunestyre vedtek kommunen sin eigenandel på kr 217 000.-.

### Bakgrunn for saka

Regional kulturplan for Rogaland 2015 – 2025 viser til at Rogaland fylkeskommune skal leggja til rette for at befolkninga i Rogaland kan driva med eigenorganisert fysisk aktivitet og aktivitet i regi av den frivillige medlemsbaserte idretten. Regelmessig fysisk aktivitet er viktig for helse, livskvalitet og overskot i kvardagen.

Sparebankstiftelsen SR – Bank og Rogaland fylkeskommune invitera kommunane i Rogaland med i dagsturhytteprosjektet. Formålet med prosjektet er å stimulera til at barn og vaksne skal koma seg oftare ut på tur og i fysisk aktivitet. Målet er å få etablert ei dagsturhytte i kvar av Rogaland sine 23 kommunar. Sparebankstiftelsen SR – Bank har sett av 6 millionar kroner til prosjektet.

### Saks- og faktaopplysningar

Dagsturhytteprosjektet er ei vidareføring frå Vestland fylke kor dagsturhyttene har blitt ein

stor suksess og kan vise til høge besøkstal. Hyttene har eit felles design, er 15 kvm innvendig og har ein enkel utforming med ei dør og vindauge. Hyttene kjem med vedomn og solcellepanel for belysning under takutstikk og ved inngangsparti. Dei har brent kleddning og aluminiumsbekledde vindauge, slik at hyttene er ganske vedlikehaldsfrie.

### Målet med dagsturhyttene

- Skapa ein sosial møteplass i naturen
- Få fleire på tur og oftare på tur
- Vara ein attraksjon i seg sjølv
- Søkje ly, ete nista
- Dagsturhytte – ein moglegheit for «nynorsk turbibliotek»
- Bygge identitet – fellesskap

Første steg for å realisere oppsett av Dagsturhytte i Vindafjord, er eit positivt politisk vedtak. Kommunen blir eigar av hytta, blir ansvarleg for tilsyn og vedlikehald, men det vil vere opp til den enkelte kommune korleis tilsynet blir organisert.

### Økonomiske konsekvensar - kostnad og finansieringsplan

Vindafjord kommune kan søkje om spelemidlar til hytta, med 1/3 av total kostnad. Kommunen får kr 250 000.- til dagsturhytta av Sparebankstiftelsen SR – Bank som blir utbetalt når hytta er bekrefta sett opp. Dagsturhytteprosjektet er kalkulert til 1 000 000.-. Spelemidlar og moms er rekna ut i frå den summen, men kan sjølvsagt endre seg litt om sluttrekneskapen skulle vise noko anna. Det er utgifter i høve opparbeiding av grunn som kan variere etter kor mykje som må gjerast på tomta. Dette arbeidet kan gjerast på dugnad. Sjølve hytta kjem i modular og kan ikkje byggast på dugnad. Det kan og i den eventuelle vidare prosessen søke næringslivet om å bli med i eit spleislag.

Dagsturhytta	Kostnad 1 000 000	Finansiering
Spelemidlar 1/3		333 000
Sparebankstiftelsen SR – Bank		250 000
Meirverdikompensasjon		200 000
Opparbeiding tomt Vindafjord kommune eigenandel/dugnad		80 000
Vindafjord kommune eigenandel		137 000
<b>Sum</b>	<b>1 000 000</b>	<b>1 000 000</b>

### Vurdering

Dette er eit spennande prosjekt med god økonomisk støtte både frå Sparebankstiftelsen SR – Bank og spelemidelordninga. Fylkeskommunen står ansvarleg for anbodsprosessen, så for å kunna innhenta best mogeleg tilbod på dagsturhyttene, ynskjer fylkeskommunen at kommunane bekrefta deltaking i prosjektet med eit politisk vedtak.

I tråd med føringane for prosjektet vil ein koma tilbake med ny sak om plassering av Dagsturhytta. Det vert peika på brukarmedverknad i prosessane rundt plassering, opparbeiding og drift i tillegg til andre føringar som må vurderast. Dagsturhytta må innarbeidast i *Prioritert handlingsprogram* for idrett og fysisk aktivitet for å kunne søke om spelemidlar. Spelemidelsøknad må sendast inn enten 15.01.21 eller 15.01.22, om ikkje fell tilbodet om dagsturhytte vekk.

Ein bør også koma tilbake til vurdering om å inkludere toalett i prosjektet når innstilling til

plassering er klar. Til orientering så er toalett/type bido kalkulert til kr 160 000.- der spelemidlar utgjer halvparten kr 80 000.- Bygging av toalett kan gjennomførast på dugnad og få ein rimelegare totalkostnad.

## **Kommunedirektøren sin konklusjon**

Kommunedirektøren stiller seg positiv til Dagsturhytteprosjektet og tilrår at Vindafjord kommune sin eigenandel kr 217 000.- blir sett av i budsjett økonomiplan 2021 – 2024.

### **Vedlegg:**

Kriterier for plassering av dagsturhytta og valg av turmål

Tilbakemeldingsskjema

Bilde av Dagsturhytta

# VINDAFJORD KOMMUNE

## SAKSPAPIR

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
065/20	Formannskapet	13.10.2020

Saksbehandlar: Kristin Marie Dahle  
Sak - journalpost: 20/2237 - 2020015845

---

### Lønsoppgjeren 2020 - Uravstemming

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak**  
Vindafjord kommune stemmer «ja» i uravstemminga.

### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar, reglement m.m.:

#### Saka gjeld:

Uravstemming i samband med lønsoppgjeren 2020.

#### Saksopplysningar:

KS, LO Kommune, Unio Kommune og YS Kommune har etter forhandlingar kome til ei semje i lønsoppgjeren 2020. Dei tre samanslutninga representerer over 90 prosent av dei organiserte arbeidstakarane i KS-området. Den fjerde samanslutninga, Akademikerne Kommune, er ikkje med på forhandlingsløysinga. Oppgjeren med dei gjekk difor til mekling, med oppstart 23. september. Meklingsfristen er satt til 14. oktober.

Lønsoppgjeren 2020 vart utsett på grunn av den akutte samfunnssituasjonen covid-19 satte kommunesektoren og resten av landet i. Forhandlingane plar ha frist 1. mai, men starta i år ikkje før 3. september. Oppgjeren har ei ramme på 1,7%, i tråd med frontfaget. Ramma er ikkje det same som det den einskilde arbeidstakar får i lønstillegg frå 1. september 2020. Av dei 1,7% er så mykje som 1,6% allereie «brukt opp» i det som kallast overheng (1,3%) og glidning (0,3%) frå oppgjeren i 2019. Overheng er enkelt forklart eit uttrykk for kva forrige års lønsoppgjær kostar i påfølgjande år. I året for lønsoppgjeren vil resultatet som regel, når ein har verknadsdato 1. mai, kosta arbeidsgjevar for 8 av 12 mnd. Året etterpå vil det kosta for samtlege av dei 12 månadane. Dette kallast overheng. Glidning er kort fortalt den lønsauken som finn stad i løpet av eit år, som ikkje skuldast dei etablerte sentrale eller lokale forhandlingar. Verknadsdato for oppgjeren er 1. september. Utover det økonomiske i oppgjeren, er partane også samde om ei felles satsing på kompetanse og heiltid i kommunesektoren.

Reglane for uravstemming i KS sitt tariffområde kjem fram i *Vedtekten for Arbeidsgivervirksomhet i KS §5 Avstemning*. Alle kommunar, fylkeskommunar og bedrifter omfatta av Hovudtariffavtalen er med i uravstemminga. Ein kan stemma fram til fredag 16. oktober kl 1500.

### **Vurdering:**

KS og dei tre største forhandlingssamanslutningane er samde om resultatet i lønsoppgjeren. Dette finn stad i ein ekstraordinær situasjon for Norge og kommunesektoren, på grunn av covid-19 og dei følgjer dette har. Partane som har klart å bli samde om dette, har anerkjent denne særskilte samfunnssituasjonen og dei følgjer denne har også for kva ein kan gi i lønsauke i komunal sektor dette året. Før covid-19 endra det norske samfunnet i mars 2020, var det forventa eit mykje betre oppgjer for arbeidstakarane. Det var også forventa at ein igjen skulle ha lokale forhandlingar i kap. 4, noko ein ikkje har hatt sidan 2017. Etter kvart viste det seg at det var såpass mykje mindre ramme å forhandla om at dette ikkje var aktuelt.

Akademikerne Kommune er ikkje med på løysinga, blant anna fordi ein ikkje oppnådde semje om kommunelegeavtalen. Det viktigste kravet frå Legeforeningen var at fastlegane sjølv skal kunne velgja om dei vil gå legevakt, utover eit gjennomsnitt på sju timer per veke. Kommunane er ansvarlege for døgnkontinuerlige legetenester til alle innbyggjarar, så dette kravet kunne ikkje KS gå med på. Kommunedirektøren stettar KS si haldning. Satsinga på kompetanse, og ikkje minst heiltid, er også i tråd med Vindafjord kommune sitt arbeid.

Kapittel 5 («akademikarkapitlet») og 3 («leiarkapitlet») har reint lokal lønnsoppgjer, men med dei føringar som kjem frå Hovudtariffavtale og sentralt resultat. Her handsamar lokale partar oppgjeret, innan ei nærmare bestemt frist.

Kommunedirektøren vurderer at KS og partane som er samde har kome fram til eit fornuftig resultat i den situasjonen ein er i dette året, og vurderer at kommunen bør stemma «ja» i uravstemminga.

### **Vedlegg:**

Tariffrevisjonen pr 1.5.2020 - Forslag til Hovedtariffavtale sendes til medlemmene for uravstemning

# VINDAFJORD KOMMUNE

## SAKSPAPIR

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
066/20	Formannskapet	13.10.2020
	Kommunestyret	

Saksbehandlar: Magne Inge Vårvik  
Sak - journalpost: 20/2270 - 2020016074

---

### Politiske fjernmøte - Arrangering

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Vindafjord kommunestyre vedtar at samtlege politiske organ i Vindafjord kommune har høve til å halda politiske møte som fjernmøte når det oppstår ekstraordinære situasjonar.
2. Avgjerda om møte skal haldast som fjernmøte vert gjort av ordføraren eller leiaren i utvalet.
3. Følgjande vert tatt inn i Vindafjord kommune sitt reglement for kommunestyret, formannskapet og faste utval:  
*Kommunestyret, formannskapet og andre folkevalde organ i Vindafjord kommune kan halda politiske møte som fjernmøte når det oppstår ekstraordinære situasjonar, jfr. Kommunelova §11-7*  
*(1). Avgjerda om møtet skal haldast som fjernmøte vert gjort av ordføraren eller leiaren i utvalet.*

### Saksutgreiing

#### Bakgrunn for saka

I Lov om kommuner og fylkeskommuner (Kommuneloven) heiter det i §11-7. Fjernmøter: *Kommunestyret og fylkestinget kan selv beslutte at folkevalgte organer i kommunen eller fylkeskommunen skal ha adgang til å holde møter som fjernmøte.*

*Fjernmøte innebærer at deltakerne ikke sitter i samme lokale, men at de via tekniske hjelpemidler likevel kan se, høre og kommunisere med hverandre. Kravene som ellers gjelder for møter, gjelder også for fjernmøter.*

*Et møte som skal lukkes etter § 11-5 andre ledd, kan ikke holdes som fjernmøte.*

*Departementet kan gi forskrift om krav til gjennomføring av fjernmøter, unntak fra kravet i andre ledd om at møtedeltakerne skal se hverandre og unntak fra tredje ledd.*

#### Saks- og faktaopplysningar

Kommunal- og moderniseringsdepartementet vedtok 13. mars 2020 «midlertidig forskrift om gjennomføring av fjernmøter i folkevalgte organer i kommuner og fylkeskommuner for å

begrense  
spredning av Covid-19».

Den midlertidige forskrifta la til rette for å halda politisk møteverksemd ved bruk av fjernmøte for dei kommunane som ikkje sjølv hadde vedtatt denne moglegheita i medhald av Kommunelova § 11-7.

Den midlertidige forskrifta opphørde 1. august 2020, og Kommunal- og moderniseringdepartementet har i brev datert 24. juni 2020 vist til at forskrifta ikkje blir forlenga.

Det vert i brevet vist til at «*siden smitteverntiltakene, som i praksis innebar forbud mot fysiske møter, kom brått på i mars, mente departementet at det var en mulighet for at det ikke på forhånd var truffet nødvendige vedtak om fjernmøter etter kommuneloven § 11-7 første ledd.».*

Departementet forutset difor at kommunane nå har hatt tilstrekkeleg moglegheit til å treffa nødvendige vedtak om fjernmøte etter Kommunelova § 11-7 (1). Etter Kommunelova § 11-7 (1)

kan kommunestyret «*selv beslutte at folkevalgte organer i kommunen (...) skal ha adgang til å holde møter som fjernmøte.»*

Lovkommentar Note 11-7-2 viser til følgjande:

«*Det er bare adgang til å benytte denne møteformen hvis kommunestyret (...) har fastsatt i reglements form at det skal være adgang til å avholde fjernmøter, enten i nærmere angitte organer, eller generelt i alle. Det er så opp til det enkelte organ å beslutte dette i det konkrete tilfellet. Også kommunestyret (...) kan avholde sine møter som fjernmøter om de ønsker det, men også her må det først ha blitt truffet vedtak med reglementsbestemmelse om dette.»*

Departementet viser vidare i sitt brev til at «*departementet mener at den vide adgangen til å holde fjernmøter etter kommuneloven § 11- 7 er tilstrekkelig til å dekke kommunens behov for fjernmøter. Vi minner derfor om at loven åpner for at kommunestyret eller fylkestinget kan vedta at alle folkevalgte organer kan ha fjernmøter, og kommunestyret (...) kan også selv ha fjernmøter. Det er ikke noe krav at en sak må haste for å kunne behandles i fjernmøter, og ordinære møter kan avholdes som fjernmøter.»*

## Vurdering

Som følgje av situasjonen med Covid-19, kan kommunen få eit behov for å kunna halda møte som fjernmøte etter 1. august. Vindafjord kommunestyre har endå ikke gjort nødvendig vedtak om fjernmøte etter Kommunelova § 11-7, og har difor ikkje heimel til å halda fjernmøte etter at den midlertidige forskrifta opphørde 1. august 2020.

Sjølv om samfunnet nå har opna meir opp, og på enkelte område har nærma seg normal aktivitet, må kommunen vera budd på moglegheita for at smittesituasjonen kan endra seg. Det er viktig at kommunen får behandla saker innanfor gjeldande fristar og normal saksgang. Ved endra smittesituasjon må kommunen vera budd på at talet på menneske som er tillate på same arrangement igjen kan reduserast. Politisk møteverksemd i kommunen vil dermed igjen kunna verta avhengig av at møta vert gjennomførte som fjernmøte.

## Rådmannen sin konklusjon

Rådmannen tilrår at Vindafjord kommunestyre vedtar å gi seg sjølv, og andre folkevalde organ i kommunen, høve til å halda politiske møte som fjernmøte, slik at politisk møteverksemd kan oppretthaldast når fysiske møte ikkje kan eller bør gjennomførast.

## Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

Lov om kommuner og fylkeskommuner (Kommuneloven)



# VINDAFJORD KOMMUNE

## SAKSPAPIR

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
057/20	Utval for oppvekst og omsorg	12.10.2020
036/20	Utval for drift, utvikling og kultur	12.10.2020
067/20	Formannskapet	13.10.2020
	Kommunestyret	

Saksbehandlar: Magne Inge Vårvik  
Sak - journalpost: 20/2280 - 2020016156

---

### Politiske møte - Overføring på nett

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren legg fram saka i tre alternativ.

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Kommunestyret gjorde i møte 18.02.20, sak 004/20, slikt vedtak i punkt 1:

*Kommunestyret ber rådmannen så snart som råd legge fram sak om videooverføring av møta i formannskapet, OPOM, DUK og kontrollutvalet etter at dei respektive utvala har hatt saka til handsaming.*

### Saks- og faktaopplysningar

Kommunestyret gjorde i møte 19.03.13, sak 025/13, m.a. slikt vedtak:

- Innkjøp og installasjon av løysing for nettoverføring av kommunestyremøta vert gjort når kommunen har eigen sal for desse møta.*
- Investeringskostnadene med løysinga vert teke med i byggekostnadene for nytt familiesenter/rådhus.*

Dette vedtaket er følgt opp ved at kommunestyremøta er overført på Kommune-TV frå 2016 då kommunestyremøta vart flytta til rådhuset. Det er då ein av kommunalsjefane, som ikkje har ei «direkte» rolle i møtet, som førebur KommuneTV-systemet, og styrer systemet undervegs.

### Vurdering

Kommunedirektøren har sett på tre alternativ som aktuelle.

#### Alternativ 1

Berre kommunestyremøta vert overførte på Kommune-TV som i dag.

#### Alternativ 2

I tillegg til kommunestyremøta vert også møta i formannskapet, OPOM, DUK og kontrollutvalet overførte på Kommune-TV.

Møta kan då haldast i kommunestyresalen med eksisterande kamera og mikrofon.

Møteplanen må i så fall tilpassast slik at møta ikkje vert haldne samtidig, og det må takast høgde for at det vil krevje ekstra administrative ressursar for å «styre» møtene på Kommune-TV.

#### Alternativ 3

Overføring av møta som i alternativ 2, men at både formannskaps- og kommunestyresalen kan nyttast.

Dette krev flytting av kamera og innkjøp av ny mikrofon.

Kostnaden her er om lag kr 50.000. Denne summen er ikkje budsjettert og må i så fall løyyvast. I tillegg må det takast høgde for at det vil krevje ekstra administrative ressursar for å «styre» møtene på Kommune-TV.

### **Kommunedirektøren sin konklusjon**

Kommunedirektøren har styrt saka til handsaming i OPOM, DUK, formannskapet og kommunestyret. I tillegg vil saka vert sendt kontrollutvalet for uttale.

Kommunedirektøren vel å leggja saka fram for politisk handsaming med ovannemnde alternativ utan framlegg til vedtak.

Kommunedirektøren ser for seg at ei eventuell endring kan ha verknad frå 01.01.21.

# VINDAFJORD KOMMUNE

## SAKSPAPIR

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
068/20	Formannskapet	13.10.2020
	Kommunestyret	

Saksbehandlar: Gunnbjørg Nesbu  
Sak - journalpost: 20/2190 - 2020015570

---

### Politiske møte - Møteplan for 2021

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtar møteplan for 2021 slik det går fram av saka.
2. Den faste møtestaden er rådhuset.

## Saksutgreiing

#### Bakgrunn for saka

Møteplan for 2021 for Kommunestyret (KS), Formannskapet (FS), Utval for drift, utvikling og kultur (DUK) og Utval for oppvekst og omsorg (OPOM).

#### Saks- og faktaopplysningar

Møtetider for OPOM og DUK er foreslått med møtestart kl. 09.00 og 13.00, Formannskapet med møtestart kl. 1400 og Kommunestyret med møtestart kl. 1630.

Møtedagar er foreslått måndagar for DUK og OPOM og tysdagar for FS og KS,  
I utkastet er det tatt omsyn til vinterferien i skulane i veke 9 og  
haustferien i skulane i veke 41.

Valdag og handsaming av tertialrapportar/kvartalsrapportar er det også tatt omsyn til.

Kommunedirektøren har drøfta møteplanen for 2021 med ordføraren og har på denne bakgrunn laga  
utkast til møteplan for 2021.

#### Vurdering

Kommunedirektøren foreslår på bakgrunn av ovannemnde fylgjande møteplan for KS, FS, DUK og OPOM for 2021:

Møte	Tid	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Sept	okt	Nov	Des
KS	16.30	16.	23.	4.	22.	21.	26.		14.	
FS	14.00	2.	9.	20.		8.	7.	5.	9. 23.	
OPOM	09.00	1.	8.	19.		7.	6.	4.	22.	

DUK	13.00	1.	8.	19.		7.	6.	4.	22.	
-----	-------	----	----	-----	--	----	----	----	-----	--

## Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

Politisk delegeringsreglement

# VINDAFJORD KOMMUNE

## SAKSPAPIR

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
069/20	Formannskapet	13.10.2020

Saksbehandlar: Anne Sofie Sandvik  
Sak - journalpost: 20/2301 - 2020016284

---

### Behandling av kommunalt næringsfond Ekstraordinære midlar

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

I denne søknadsomgangen blir det gjennom ekstraordinært kommunalt næringsfond tildelt tilskot til

- Christiansen AS på kr 34 950
- Ølen senter AS på kr 75 000

Følgjande søkerar vert vurdert saman med evntuelt nye søknadar i neste søknadsomgang: Fixprofil AS, Sandeid Eiendom AS, Helgevold Elektro AS, Offshorekompetanse AS, Sandvik Service Solutions, Henning Guldhav Forskaling AS, Ølen Senterforening, Fotograf Nordtveit as og Håvard Ersland.

#### Saka gjeld:

Behandling av søknadar motteke innan første søknadsfrist 25. 09. 2020 til ekstraordinært kommunalt næringsfond. Det er 18 søknadar til behandling.

#### Saksopplysningar:

Vindafjord kommune har fått tildelt **kr 1 395 705** til det kommunale næringsfond som skal gå til ulike tiltak som fremjar aktivitet, sysselsetting og verdiskaping, og som vil kunne motverke negative verknadar i næringslivet i Vindafjord kommune av Covid-19-utbrotet. Viser elles til FS sak- for bakgrunn og vedteken behandlingsmetode og oppsummerer kort under:

#### Kven kan søke om støtte?

Bedrifter, etablerarar eller næringsaktørar som har forretningsadresse i Vindafjord.

Kriteria for måloppnåing er:

- utvikling i sysselsetting og talet på arbeidsplasser og
- utvikling i verdiskaping og økonomisk aktivitet.

Formannskapet i Vindafjord kommune behandler dei innkomne søknadene etter innstilling frå

administrasjonen. I vurderinga av tilskotssøknadene blir det særlig lagt vekt på:

- i kor stor grad tiltaket fremjar auka aktivitet, sysselsetjing og verdiskaping basert på lokale utfordringar, behov og potensial.
- i kor stor grad bedriftsretta tiltak, tilskot til etablerarar og andre næringsretta tiltak vil kunne motverke negative verknadar av Covid-19-utbrotet.
- kor raskt tiltaket kan setjast i gang.

Samla tilskot frå næringsfondet skal som hovudregel ikkje overstige 50 % av prosjektet sitt kapitalbehov, og det skal ikkje overskride 75 %.

Søknadane er sendt inn via portalen [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no). Oversikt over alle søknader i vedlegg 1 og alle søknadspapir ligg i vedlegg 2

### **Søknadsfrist**

Første søknadsfrist var 25. september og neste og siste søknadsfrist er 23. oktober. Vindafjord kommune har felles gjennomgang og av søknadane med Etne kommune.

Ved søknadsfristen hadde Vindafjord motteke 18 søknadar. Ein ny søknad er motteke etter fristen. Den vil bli behandla i FS 10. november.

Følgjande bedriftar har søkt:

Christiansen AS

Fixprofil AS

Fotograf Nordtveit as

Helgevold Elektro AS

Offshorekompetanse AS

Sandeid Eiendom AS

Sandvik Service Solutions

Henning Guldhav Forskaling AS

Håvard Ersland

Ølen Kulturhus SA

Ølen Regnskap AS

Ølen Senter AS

Ølen Senterforening

Haugaland Bygg og Betong AS

Oland AS

Ottar Skjold Maskin AS

Helgevold Elektro AS

Skulpturform

Totalt søknadsbeløp i denne omgangen i Vindafjord kommune var på kr 2 505 778,-

I Etne kommune kom det også inn 18 søknadar. Totalt søknadsbeløp her var på kr 3 278 970.

**Vurdering:**

Totalt søknadsbeløp overstig tilgjengelege midlar. Eitt prosjekt er vurdert å ikkje falle innafor kriteria og har heller ikkje søkt om eit beløp (raudt i vedlegg 1). For fire søknadar er det tvil om dei held seg innafor kriteria (blått i vedlegg 1).

13 prosjekt er vurdert å vere i samsvar med kriteria (grøne og gule i vedlegg 1).

Nokre av søknadane blir sendt i retur for å rette opp i feil i søknadane.

Søknadane er også presentert virkemiddelapperatet med Medvind24 næringshage og Fikse næringsutvikling. Dette ga nyttige innspel om bedriftar som administrasjonen ikkje var godt kjent med.

Sidan det er opna for to søknadsomgangar bør det vere midlar igjen til neste behandling. I tillegg til kriteria som skal vurderast, er det derfor prioritert å gi tilslagn til dei som søker om enkle tiltak som kan komme raskt i gang.

Som tidlegare vist skal samla tilskot frå næringsfondet som hovudregel ikkje overstige 50 %

av prosjektet sitt kapitalbehov, og det skal ikke overskride 75 %.

For at midlane skal nå flest mogleg, er det derfor vurdert at tilskot blir på inntil 50% sjølv om flere har søkt om meir.

Innstilling og kort vurdering av søkerne kjem under. Fullstendig saksdokument i vedlegg 2.

Kommunedirektøren vurderer at følgjande prosjekt kan komme raskt i gang og foreslår å tildele 50 % tilskot til desse i dag.

Søkar:	Vurdering	50 % tilskot
Christiansen AS	Har hatt negativ verknad og langt lågare sal grunna covid-19. Nye løysingar vil kunne gi raske positive resultat	Kr 34 950
Ølen Senter AS	Viktig å trygge handel i Ølen sentrum og med målsetting om å stimulere til etablering av bedrifter innan handel og servicenæring i Ølen Senter, herunder skape arbeidsplasser, vil dette vere veldig viktig i tida framover	Kr 75 000

Kommunedirektøren rår til at følgjande prosjekt blir vurdert for støtte i neste behandlingsrunde. Desse prosjekta får og høve til å oppdatere søkerne sine med ny informasjon:

Søkar	Vurdering	50 % tilskot	25 % tilskot
Fixprofil AS	Sikre sysselsetting og motverke negative verknadar av covid 19	200 000	100 000
Sandeid Eiendom AS Helgevold Elektro AS	Tilrettelegging for ny aktivitet Tilrettelegging for ny aktivitet og sikring av aktivitet i landbruket	400 000 100 000	200 000 50 000
Offshorekompetanse AS	Ny aktivitet og drahjelp etter vanskeleg start etter covid-19	120 000	60 000
Sandvik Service Solutions	Sikre sysselsetting og auke aktivitet	250 000	125 000

Henning Guldhav Forskaling AS	Utvide aktivitet	131 500	65 750
Ølen Senterforening	Marknadsføring for å sikre etablert handelsverksemd i Ølen sentrum	150 000	75 000
Fotograf Nordtveit as	Sikre sysselsetting med ny aktivitet	137 500	68 750
Håvard Ersland	Genererer auke i aktivitet for lokale musikarar og kan sikre levebrød	75 000	32 500
Ottar Skjold Maskin AS	Retur for å oppdatere søknad. Miljøfyrtårnsertifisering viktig for å sikre oppdrag.	50 000	25 000
Oland AS sum	Retur for å oppdatere søknad. Kompetanseheving	13 278 1 627 278	6 639 808 639

For at det skal vere nok midlar og også midlar til nye søknadar, må det enten gjerast ei prioritering eller gi eit lågare støttebeløp til kvar. For å sikre at tiltaka let seg gjennomføre vil i itgangspunktet innstillinga vere å prioritere nokre av prosjekta saman med ev nye søknadar. På prosjekt som kan gjennomførast med lågare støttebeløp enn 50% vil det kunen vurderast.

Kommunedirektøren rår til å at desse ikkje får tildelt tilskot frå kommunalt næringsfond, då ein ikkje ser at søknadane tilfredsstiller kriteria. Søkarane får likevel høve til å oppdatare søknadane sine med ny informasjon til neste søknadsrunde for å eventuelt grunngje at søknadskriteria er dekka.

Søkar	Vurdering	Søkt beløp
Ølen Regnskap AS	Vurdert å ikkje ha behov for ekstra opplæring knytt til digitalisering og heimekontor	50 000
Ølen Kulturhus SA	Behov for drahjelp for å utbetre bygget. Viktig, men vurdert ikkje å vere eit tiltak som gir auke i sysselsetting og aktivitet. Kan ev vurderast for å sikre kulturlivet og behov for storsal i kommunesenteret.	200 000
Helgevold Elektro AS	Nasjonal satsing og blir vurdert å ha liten auke i aktivitet lokalt.	300 000
Skulpturform	Behov for etablererstøtte, kommunalt næringsfond er	70 000

	ikkje meint som oppstartshjelp	
Haugaland Bygg og Betong AS	Ikkje søknadsbeløp og ønskjer rein driftstøtte.	0

Vedlegg 2,3 og 4 viser saksdokument for alle søknadane. Søkars eigne vedlegg er ikkje tekne med.

**Vedlegg:**

Oversikt over søknadar

Saksdokument\_foreslått tildelt

Saksdokument\_vurderast i neste omgang

Saksdokumnet\_foreslått ikkje tildelt

# VINDAFJORD KOMMUNE

## SAKSPAPIR

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
070/20	Formannskapet	13.10.2020
	Kommunestyret	

Saksbehandlar: Vegard Bang  
Sak - journalpost: 20/2252 - 2020015985

---

### Finansielle måltal for Vindafjord kommune

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vindafjord kommune skal ha følgjande finansielle måltal:

- a) Netto driftsresultat bør utgjere minimum 1,75 prosent av brutto driftsinntekter.
- b) Disposisjonsfondet bør utgjere minimum 7,5 % av brutto driftsinntekter
- c) Netto lånegjeld bør utgjere maksimalt 80 % av brutto driftsinntekter.

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar, reglement m.m.:

Kommunelova § 14-2

#### Saka gjeld:

Fastsetjing av finansielle måltal for Vindafjord kommune.

#### Saksopplysningar:

I ny kommunelov er det lovfesta eit generelt føresegn som slår fast at kommunane skal forvalte økonomien sin slik at den økonomiske handleevna vert teke var på over tid. Kommunestyret sine plikter i økonomiforvaltning er lista opp i fem punkter:

«Kommunestyret og fylkestinget skal vedta

- a) økonomiplanen og årsbudsjettet

- b) årsregnskapene og årsberetningene
- c) finansielle måltall for utviklingen av kommunens eller fylkeskommunens økonomi
- d) regler for økonomiforvaltningen (økonomireglement)
- e) regler for finans- og gjeldsforvaltningen (finansreglement).»

Kommunedirektøren legg i denne saka fram forslag til vedtak som gjeld bokstav c, finansielle måltal for utviklinga av kommunen sin økonomi. Forslag til økonomireglement, jf. bokstav d, vert lagt fram parallelt i eiga sak. Bokstav a og b vert ivaretake gjennom årlege saker. Kommunen har gjelds- og finansreglement i tråd med bokstav e), men det vil bli fremja sak om revidering av dette seinare.

Kommunestyret har etter den nye kommuneloven § 14-2 fått ei plikt til å vedta finansielle måltal for eigen kommune. Føresegna skal auke medvitet om langsiglig økonomiforvaltning i budsjettprosessen, betre kunnskapen om kommunen si økonomiske stilling og bidra til auka forståing for kva politiske ambisjonar det er rom for i eit lengre perspektiv.

Dei finansielle måltal opnar for lokalt skjønn, der kommunestyre sjølv må vurdere kva som er realistiske mål innanfor den økonomiske situasjonen kommunen er i. Kommunane har ulike utgangspunkt, både i inntektsgrunnlag og økonomiske utsikter.

Måltala vil ikkje vere rettsleg bindande for kommunen, men det er i forarbeida til lova klart uttalt at ambisjonen bør vere at dei vert førande for den lokalpolitiske styringa av kommunen. Det betyr at måltala vert uttrykk for ein lokal politikk, der dei både fungerer som lokale handlingsreglar for kommunen si årlege økonomiske planlegging og som eit verktøy i vurderinga av den økonomiske utviklinga over tid.

Vindafjord kommune har nytta finansielle måltal som ein del av budsjettarbeidet og budsjett dokumentet, men det har ikkje vore fatta noko formelt lokalt vedtak for nivået på desse. Kommunen har dermed ikkje vedteke finansielle måltal i samsvar med ny kommunelov § 14-2 per i dag. Likevel har ein i praksis lagt til grunn målet om eit netto driftsresultat på 1,75 prosent (tidlegare 3 prosent før ei endring av rekneskapsprinsippa for nokre år tilbake) i arbeidet med å styrke kommunen sin økonomiske posisjon.

Kommunedirektøren foreslår i eige sak at dei finansielle måltala vert tatt inn i økonomireglementet, og at kommunestyret kan revidere måltala i samband med arbeidet med økonomiplan og budsjett.

### **Vurdering:**

Vindafjord kommune har dei siste åra hatt gode økonomiske tider, og har gjennomført fleire store investeringar finansiert med bruk av både eigenkapital og låneopptak. Det økonomiske handlingsrommet har blitt og vil bli mindre framover med bakgrunn i både ei negativ utvikling i folketalet og omlegging av inntektssystemet til kommunane. Samstundes har eit auka driftsbehov dei siste åra gitt store negative avvik for rammeområda i kommunen.

Inndelingstilskotet vil reduserast frå 2021 fram mot 2026 med 2 millionar årleg, og vidare vil driftsbehovet innan spesielt helse og omsorg auke ytterlegare fram mot 2030 som følgje av endringar i demografien. Kommunedirektøren meiner dette er viktige moment for å kommunestyret å leggje til grunn i vurderinga av eigne lokale måltal.


Kommunedirektøren foreslår at Vindafjord kommune bør ha få, men enkle og forståelege finansielle måltal. Det er i saka lagt fram forslag om mål for netto driftsresultat, gjeldsgrad og økonomiske reserver (disposisjonsfond) som er tre sentrale og vanlege måltal for kommunal drift og økonomisk handleevne. I val av indikator for måltala har kommunedirektøren lagt til grunn standard oppsett frå KOSTRA som både gjere det enklare å ta ut historiske tal og samanlikne med andre kommunar.

### Måltal for netto driftsresultat

*Tilrådd måltal: Netto driftsresultat bør utgjere minimum 1,75 prosent av brutto driftsinntekter.*

Netto driftsresultat viser kva kommunen har igjen til finansiering av investeringar eller til å bygge opp reserver, og vert rekna som hovudindikatoren for den økonomiske balansen i kommunesektoren. Teknisk Berekningsutval (TBU) for kommunal og fylkeskommunal økonomi tilrår at kommunane over tid har eit netto driftsresultat på 1,75 prosent. Dette er ei relativt innarbeid normalt for å vurdere om den økonomiske drifta er i balanse.

Vindafjord Kommune har dei siste åra levert netto driftsresultat på følgjande nivå:



Kommunedirektøren finn det naturleg å tilrå at Vindafjord kommune har som mål å ha eit netto driftsresultat på 1,75 %, men at ein ser på resultatet over tid. Historikken viser at resultata varierer stort frå år til år. Kommunen har erfart at ein del inntekter, mellom anna inntektene frå Havbruksfondet og skatteinntekter, kan variere stort. Det vil vere fornuftig å ikkje sjå på netto driftsresultat isolert per år, men å sjå på målet som ei rettesnor over tid.

Årleg periodisering i rekneskapen kan i tillegg gjere det krevjande å vurdere resultat for eit enkelt år. Dømer på dette er øyremerka tilskot der utgifta kjem neste år og resultat (overskot/underskot) frå sjølvkostområda der meir/mindreforbruk skal betalast av abonnentane og ikkje er disponibelt for kommaunen. Slik midlar vert gjort opp bunde fond, og det er naturleg at bruk og avsetting av desse midlane vert kommentert som eit tillegg til måltalet i årsmeldinga.


Budsjettarbeidet i fjar viste at det er krevjande å budsjetttere med eit netto driftsresultat på 1,75 %, og i gjeldande budsjett og økonomiplan er det budsjettert med eit lågare nivå. Dette vil bli ei sentral utfordring også i budsjettarbeidet i haust. For å nå målet inneber det at kommunen, både i drift og ved budsjettering, må gjere grep framover.

#### Driftsreservar (disposisjonsfond)

*Tilrådd måltal: Disposisjonsfondet bør utgjere minimum 7,5 % av brutto driftsinntekter*

Kommunen må ha tilstrekkelege reserver til å takle svingingar i økonomien frå år til år og for å kunne delfinansiere eigne finansieringar. Det vanlege måltalet for å vurdere dette er storleiken på kommunen sitt disposisjonsfond.

Telemarksforsking legg til grunn ei grense på under 2,5 prosent av brutto driftsinntekter som «raudt nivå», og over 7,5 prosent som «grønt nivå». Vindafjord kommune har normalt sett av ikkje disponert resultat i rekneskapen til disposisjonsfond, og vidare nyttar av dette ved seinare vedtak (til dømes til å finansiere investeringar).




Kommunedirektøren tilrår at ein nyttar «grønt nivå» som måltal her. Det bør vere eit mål å oppretthalde den økonomiske reserven kommunen har opparbeidd seg. Gode resultat har gjort det mogleg med finansiere investeringar med eigne midlar og høve til å plassere langsigte midlar i marknaden for å få betre avkastning over tid. Kommunen har framleis relativt gode reserver i dag, men ein stor del av desse er allereie løyvd til investeringar som ikkje er gjennomførte så måltalet kan fort gå markant nedover og det vil truleg i større grad bli behov for å finansiere investeringar med lån framover.

## Gjeldsgrad

*Tilrådd måltal: Netto lånegjeld bør utgjere maksimalt 80 % av brutto driftsinntekter.*

Når det gjeld gjeldsgrad, er det variasjon mellom kommunane på kva som bør vere måltal. Nokre kommunar set mål på nivå av gjeld, medan andre kommunar ser på endring/auke av gjeld. Vidare ser nokre kommunar på brutto langsiktig lånegjeld, medan andre nyttar ulike definisjonar av netto lånegjeld, der ein mellom anna held unna sjølvkostinvesteringar. Netto lånegjeld definert i KOSTRA av SSB er langsiktig gjeld (ekskludert pensjonsforpliktingar) minus kommunen sine utlån (startlån og ansvarlege lån) og ubrukte lånemidlar.

Normalt sett er det endringar i gjeldsbyrden som får innverknad på handlingsrommet i driftsbudsjettet, og tempoet i gjeldsveksten er avgjerande for korleis kommunen skal finansiere drift framover.



Dei siste åra har Vindafjord kommune si netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter vore mellom 58 og 60 %. I kommunen sitt budsjett for 2020 er brutto driftsinntekter 734 millionar. Rekneskapsresultat ligg som regel noko over budsjett, ein konsekvens av at budsjettet bør ta høgde for risiko og byggje på konservative vurderingar av inntektene. Rekneskapen for 2019 viste brutto inntekter på 788 millionar. Det vil seie at ei 10 % auke i målalet svarar til om lag 70 til 80 millionar i auka lånegjeld. I 2020 vil den ordinære lånegjelda auke med om lag 34,5 millionar (nytt låneopptak 54,3 mill., minus avdrag 19 mill.).

Kommunedirektøren foreslår å bruke netto lånegjeld i prosent av driftsinntektene som det finansielle måltalet for gjeld, då dette måltalet kan seie noko om kva maksimal gjeldsbyrde ein reknar som berekraftig for kommunen. Det er naturleg å vurdere kor stor grad av gjelda som er finansiert gjennom sjølvkost som ein del av dei årlege analysane.

Kommunedirektøren tilrår at netto lånegjeld maksimalt bør utgjere 80 % av kommunen sine brutto inntekter. Det er noko over nivået i dag. Kommunedirektøren meiner det er rom for å finansiere meir investeringar med lånte midlar, men dette må balanserast opp måltalet for netto driftsresultat og vil kunne krevje ytterlegare grep i kommunen sin drift.

# VINDAFJORD KOMMUNE

## SAKSPAPIR

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
071/20	Formannskapet	13.10.2020
	Kommunestyret	

Saksbehandlar: Vegard Bang  
Sak - journalpost: 20/2251 - 2020015984

---

### Økonomireglement for Vindafjord kommune

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Kommunestyret vedtek forslag til Økonomireglement for Vindafjord kommune slik det ligg føre.

Økonomireglementet erstattar tidlegare vedtekte reglement og retningslinjer som gjeld same føremål.

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar, reglement m.m.:

Kommuneloven (2018) kapittel 14 med forskrifter

Lov om offentlige anskaffelser med forskrift

Politisk delegeringsreglement for Vindafjord kommune 2020-2023, vedtatt i K-sak 049/20

Retningslinjer for tildeling av Startlån, vedtatt i K-sak 011/16

Innkjøpsstrategi for Vindafjord kommune, vedtatt i K-sak 018/20

#### Saka gjeld:

Fastsetting av økonomireglement for Vindafjord kommune.

#### Saksopplysninga:

Etter ny kommunelov 14-2 , bokstav d) skal kommunestyret sjølv vedta regler for økonomiforvaltninga (økonomireglement). Økonomireglementet skal omhandle kommunen sine eigne lokale reglar for styring og kontroll med økonomien. Reglane skal utfylle føresegna i kommunelova (med forskrifter). Det er ingen bestemte form- eller innhaldskrav til

reglementet, men av forarbeida til lova går det fram at reglementet skal bidra til god økonomstyring, forsvarleg og effektivt økonomiforvalting og eit godt avgjerdsgrunnlag for politisk nivå.

Kommunedirektøren legg fram forslag om eit økonomireglement som er bygd opp av tematiske delreglement. Gjeldande finans- og gjeldsreglement kjem i tillegg. Det har ikkje vore prioritert å få dette revidert no, då gjeldande reglement vert vurdert som formålstenleg. Det er i tillegg ein noko meir omfattande prosess ved at ein uavhengig instans skal vurdere reglementet før det vert lagt fram for kommunestyret. Ved seinare revidering av dette vil kommunedirektøren foreslå at dette vert teke inn som delreglement.

### **Vurdering:**

Då lovverket ikkje har noko formkrav står kommunen fritt til utforme sitt eige reglement. Mange kommunar har hatt økonomireglement før, og det fins mange ulike dømer som varierer i omfang og detaljnivå. Kommunedirektøren meiner det er fornuftig å starte med eit kort og relativt enkelt reglement, som supplerer gjeldande lovverk, forskrifter og andre retningslinjer.

Kommunedirektøren har vald å dele opp delegering av mynde og reglane elles, ved at delegering som gjeld økonomi er tatt inn i nyleg vedteke delegeringsreglement. Denne løysinga er vald for å få eit samla delegeringsreglement. Alternativt kunne alt av delegering som gjeld økonomi vore tatt inn i økonomireglementet, og tatt ut av delegeringsreglementet. I økonomieglment er det gjennomgående referert til delegeringsreglement der det utfyller og avgrensar kommunedirektøren sine fullmakter.

Det er foreslått at dei finanzielle måltala, som er lagt fram som eige saka, vert tatt inn som del av økonomireglementet for kommunen. Kommunedirektøren finn det naturleg då desse skal fungere som overordna handlingsreglar for kommunen si økonomistyring.

Kommunedirektøren meiner det er fornuftig med ei reglementsamling med delreglement, som legg til rette for å innarbeide nye delar ved behov. Det er nedanfor kort gjort greie for dei ulike delane i reglementa og kva vurderingar som er lagt til grunn i forslaget. I dei ulike reglementa er det i stor grad lagt opp til å innarbeide etablert praksis som reglar.

### Økonomiplan og budsjett

Delreglementet slår fast innarbeid praksis for kommunen sin lokale gjennomføring av

prosessen med økonomiplan og budsjett, og korleis framleggget frå kommunedirektøren skal setjast opp og kva det som eit minimum skal innehalde.

### Budsjettoppfølging og rapportering

Delreglementet for budsjettoppfølging og rapportering slår fast innarbeidd praksis med skriftleg rapport om økonomisk status opp mot budsjett til kommunestyret etter 1. og 2. tertial kvart år. Kommunedirektøren foreslår at rapportering elles vert gjennomført internt, minimum anna kvar månad. I praksis blir som regel rapportering til kommunedirektøren gjennomført månadleg, med unnatak for juni på grunn av ferie i juli og for september som kjem midt i budsjettarbeidet.

Det er vidare tatt inn reglar for budsjettendringar i tråd med lovverket og vedteke reglement for delegering av mynde.

### Investeringsprosjekt

Reglement for investeringsprosjekt set opp nokre reglar for styring og rapportering på investeringsporteføljen til kommunen. Dette er eit område kommunedirektøren har ynskja å styrka kontrollen med. Det er mellom anna tilsett kostkontroller i 50 % stilling. Det vert kontinuerleg jobba med å forbetre styringa av investeringane, då det er utfordrande med mange investeringsprosjekt og relativt avgrensna ressursar til å gjennomføre desse. Kommunedirektøren ser difor at det vil vere aktuelt å kome tilbake med eit revidert og meir utfyllande reglement for styring av investeringsprosjekt ved eit seinare høve.

### Utbetalinger (attestasjon og tilvising)

Delreglementet slår fast ganske detaljerte reglar for korleis kommunen sine utbetalinger skal gjennomførast for å oppnå tryggjande kontroll. Reglement er i form ganske detaljert og nær ei rutine i form, men kommunedirektøren meiner at dette er formålstenleg då det er eit kritisk område som mange tilsette er involvert i og som krev tydelege reglar og god intern kontroll.

### Utlån

Dette delreglementet regulerer kommunen sine utlån av startlån. Startlån vert i stor grad styrt av sentrale retningslinjer frå Husbanken, som det lokale skjønnet skal utøvast innafor. Kommunedirektøren meiner det er lite behov for lokale reglar utover Husbanken sine retningslinjer. Det er difor foreslått at delreglement erstattar gjeldande «Retningslinjer for tildeling av Startlån» som blei vedteke i 2016. Det er to sentrale punkt frå dette som er foreslått vidareført. Kommunedirektøren meiner kommunen framleis skal ha 0,25 % påslag på startlåna for å dekke eigne utgifter til sakshandsaming og forvaltning, og at det er naturleg lån berre løvvast til bustad i Vindafjord kommune.

## Avsetting til og bruk av fond

Delreglementet forklarar forskjellen på dei fire type ulike fonda kommunen kan ha, og regulerer kommunedirektøren sitt delegerte mynde til bruk og avsetting til desse høvesvis kan og skal nyttast.

Det er foreslått at netto premieavvik årleg skal regulerast med avsetting til eller bruk av disposisjonsfond for pensjon. Dette er delvis i tråd med praksis, men midlane er sett av til bunde fond. Premieavviket er i utgangspunktet frie midlar, men kommunedirektøren vil sterkt tilrå at gjeldande praksis vert vidareført (men til disposisjonsfond) då premieavvik i praksis er periodisering av utgifter. Eksisterande midlar vert flytta frå bunde fond til disposisjonsfond.

Det er vidare foreslått at kommunedirektøren skal sette av parkeringsinntekter frå Fjellstøl til eige fond, og at avvik mellom forventa motteke integreringstilskot og bruk av midlar til busetjing kan gjerast opp mot eige disposisjonsfond. Dette er i tråd med praksis over mange år.

Det er og foreslått at kommunedirektøren ved avslutning av eit år kan sette av delar av mindreforbruket (25 %) for eit rammeområde til bruk seinare år. Dette vil bygge opp under god budsjettdisiplin for einingane, gjere det mogleg å planleggje drift mellom år og gje høve til å sette av (delar av) uventa meirinntekter til gjennomføring av mindre tiltak seinare år. Det er presisert at slik avsetting og bruk vert sett opp i eigen note i årsrekneskapen.

## Innkjøp

Kommunen sine innkjøp er styrt av eige lovverk gjennom «Lov om offentlige anskaffelser». Kommunedirektøren har ikkje sett behov for mange eigne lokale reglar, men behov for gode administrative rutinar som sikrar gjennomføring i tråd med lovverket. Det har vore jobba parallelt med revidering av kommunen sin rutine, og dei viktigsta prinsippa er tatt inn som forslag til regelverk. Sentrale formuleringar frå kommunen sin vedtekne innkjøpsstrategi for perioden 2018 til 2025 er og tatt inn i reglementet.

## Fastsetjing av gebyr og gebyr

Delreglementet slår kort fast innarbeidd praksis med å vurdere kommunen sine betalingssatsar kvart år gjennom handsaming av kommunen sitt taksthefte.

**Vedlegg:**

Forslag til Økonomireglement for Vindafjord kommune

# VINDAFJORD KOMMUNE

## SAKSPAPIR

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
072/20	Formannskapet	13.10.2020
	Kommunestyret	
028/20	Rådet for eldre og funksjonshemmede	12.10.2020
037/20	Utval for drift, utvikling og kultur	12.10.2020
058/20	Utval for oppvekst og omsorg	12.10.2020

Saksbehandlar: Vegard Bang  
Sak - journalpost: 20/2150 - 2020015240

---

### 2. tertialrapport 2020

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

1. Kommunestyret tek 2. tertialrapport 2020 til etterretning slik den ligg den føre på:  
<https://pub.framsikt.net/2020/vindafjord/mr-202008-2tertialrapport2020/> og som vedlegg til saka.

2. Kommunestyret godkjenner framlegg til endringar av budsjett 2020 slik dei går fram av 2. tertialrapport.

3. Hardbruksbustadane i Sandeid og Ølen blir lagt ut for sal. Netto inntekter vert sett av til ubunde investeringsfond (art 25399100).

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar, reglement m.m.: Kommunelova § 14-5 og § 14-13.

Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv.

## Reglement for finans- og gjeldsforvaltning for Vindafjord kommune.

### **Saka gjeld:**

Oppfølging av vedteke budsjett for Vindafjord kommune per 31. august, samt finans- og gjeldsforvaltning for same periode.

### **Saksopplysningar:**

Kommunedirektøren skal minst to ganger per år rapportere til kommunestyret om utviklinga i inntekter og utgifter sett opp mot vedteke budsjett, jf. kommunelova § 14-5. Viss utviklinga viser vesentlege avvik skal kommunedirektøren foreslå endringar i årsbudsjettet.

Kommunedirektøren skal vidare minst to ganger per år rapporterer til kommunestyret om forvaltninga av finansielle midlar og gjeld.

Den samla tertialrapporten gir oversyn over stoda for kommunen etter fire månader med drift. Rapporten er publisert på web i styringsverktøyet «Framsikt». Ein kortversjon er i tillegg lagt ved saka.

Kommunedirektøren viser vidare til vedlagte rapportar for detaljert status på finans- og gjeldsforvaltning, og omtalen av forvaltninga i tertialrapporten. Det er eit lite avvik i finansforvaltninga i høve til reglementet, som vil bli retta opp.

### **Vurdering:**

Vindafjord kommune har snart lagt bak seg eit år med stor usikkerheit rundt dei økonomiske rammene for kommunen. Skatteinngang, finans, lønns- og prisvekst er store faktorar som har blitt og vil bli endra framover som følgje av utbrotet av Covid-19. Samstundes er kommunen i ein krevjande situasjon når det gjeld den underliggjande drifta.

For 3. året på rad styrer kommunen mot eit vesentleg meirforbruk i rammeområda, og då spesielt helse og omsorg. Meirforbruket i seg sjølv kan såleis ikkje knytast mot utbrotet av Covid-19. Koronapandemien har kravd mykje oppfølging og intern omprioritering av ressursar, og det har vore krevjande å komme i inngrep og gjere naudsynte tiltak i drifta.

Prognosene for rammeområda etter 1. tertial var eit meirforbruk på i omlag 26 millionar isolert sett. Korrigert for forventa lågare lønnsvekst og arbeidsgjevaravgift blei prognosene justert ned til ca. 16 millionar. I tillegg gav mindreinntekta frå eigedomsskatt på 4,6 millionar ytterlegare press på økonomien.

Kommunestyret vedtok i 1. tertialrapport fleire midlertidige tiltak for å balanse budsjettet betre

inneverande år. Dei største tiltaka var reint finansielle med redusert nedbetaling av avdrag med kr 10 millionar og reduserte avsettingar og overføring til investering på samla kr 6,4 millionar. Kommunedirektøren la vidare til grunn at resten truleg indirekte ville bli dekt inn av «korona-effekten» på lågare lønnsvekst og arbeidsgjevaravgift som er lagt til grunn i Revidert nasjonalbudsjett. Denne korona-effekten ser førebels ut til å slå til, sjølv om det er vanskeleg å talfeste alle effektane eksakt.

Lyspunktet for kommunen er at det også i 2020 ser ut komme betydelege ekstra inntekter, som vil kunne bidra til å gje eit betre resultat enn først frykta. Utbetaling frå Havbruksfondet for 2020 er stadfest til 9,8 millionar, heile 6,8 millionar over budsjettmålet. I tillegg ser det ut som om skatteinngangen også i år blir mykje betre enn venta. Noko av veksten er ekstraordinær, men førebels ser skatteinngangen lokalt ikkje ut til å vere spesielt råka av økonomisk nedgang.

Kommunedirektøren foreslår følgjande endringar i driftsbudsjettet:

- Meirinntekter frå Havbruksfondet på kr 6,8 millionar vert sett av til disposisjonsfond.
- Skatteinntekter vert foreslått auka med kr 21 millionar, medan trekket i inntektsutjamning (rammetilskot) blir auka kr 12,6 millionar. Netto meirinntekt med kr 8,4 millionar vert foreslått sett av til disposisjonsfond. Avsettinga må sjåast på som ein buffer mot prognosert meirforbruk i rammeområda.
- Rammeområde forvaltning, drift og utvikling blir justert ned netto 3,039 mill.
  - Tilført ekstra vedlikehaldsmidlar kr 3,8 millionar (i tråd med vedtak i F-sak 053/20).
  - Redusert med kr 6,389 mill. gjennom ei teknisk justering der renteutgifter for lån knytt til vatn og avlaup blir flytta til finans-området. Dette er midlar som reelt sett ikkje kan disponerast.

Det vert ikkje foreslått nye endringar i investeringsbudsjettet, men kommunedirektøren foreslår at hardbruksbustadane i Sandeid og Ølen vert lagt ut for sal. Det er ikkje bruk for desse bygga i kommunen sin drift, og det vil vere ein fordel å samkøyre sal av desse med pågåande prosessar for andre bygg.

For meir detaljerte vurderingar viser kommunedirektøren til tertialrapporten.

#### **Vedlegg:**

Finansrapport gjeldsportefølje, 2. tertialrapport 2020

Finansrapport langsiktige finansielle aktiva, 2. tertialrapport 2020 - BCM  
Finansrapport langsiktige finansielle aktiva, 2. tertialrapport 2020 - SR Forvaltning  
2. tertialrapport 2020 Vindafjord kommune (tekstversjon)